

# Reguleringsføresegner for privat detaljreguleringsplan

## Massedeponi Lie

### Plan-ID 2020005

Vedteken i kommunestyret 28.11.2021 K-sak 53/2021

#### Endringar:

#### § 1 Avgrensing

Planområdet er vist med avgrensing på plankart dagsett 04.06.21. Føresegnene gjeld innanfor desse grensene og er juridisk bindande.

#### § 2 Føremål

Området skal nyttast til følgjande føremål:

#### **Bebyggelse og anleggsføremål kombinert med anna angitt hovudføremål**

- massedeponi og landbruk

#### **Samferdselsanlegg og anna infrastruktur**

- Køyreveg
- Anna veggrunn, grøntareal

#### **Grønnstruktur**

- Vegetasjonsskjerm

#### **Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift**

- Landbruksføremål

#### **Omsynssoner**

- Ras- og skredfare

#### **Frisiktsline**

#### § 3 Generelle føresegner

- For kryss mot kommunal veg Morki, er det vist frisiktliner med ei sone på 4x45 meter. Det skal ikkje etablerast vegetasjon eller setjast opp innreningar som er høgare enn 0,75 meter over vegbana innafor denne sona. Einskildstolpar og oppstamma tre kan tillatast.
- Dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stansast og kulturminnemyndigheitene i Vestland fylkeskommune varslast.

#### **§ 4 Kombinert massedeponi med landbruk**

- a. Drifta skal følgje ein driftsplan godkjend av Luster kommune. Driftsplanen skal utarbeidast etter generelle krav til slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen. Driftsplanen skal vise naudsynte tiltak for å motverke avrenning til vassdrag/ Dalselvi.
- b. Avdekkingsmassane skal attendeførast til området etter avslutning.
- c. Sorteringsverket skal plasserast slik at terrenget sin naturlege støydemping vert nytta.
- d. Arbeidet skal i størst muleg grad føregå i vanleg arbeidstid.
- e. Driftsutstyr som maskiner og liknande skal lagrast i steinbrotet.
- f. Når deponiet er ferdig, så skal overflata såast til og anten nyttast som dyrka mark eller skal gå attende til naturmark.
- g. Foten av fyllinga i retning vegetasjonsskjerm og steinbrotet skal sikrast med tilrettelagde steinmassar.
- h. Det er berre tillate å deponere reine organiske massar som stein, grus, jord og plantemateriale.

#### **§ 5 Samferdselsanlegg og annan infrastruktur**

- a. Internveg skal etablerast med naudsynt breidde og kryss skal etablerast i tråd med vegnormalane.
- b. Vegen Morki kan utvidast i tråd med reguleringsplan og vedlikehaldast på vanleg måte.
- c. Areal regulert til annan veggrunn – grøntareal skal nyttast til grøft og skråning. Skråningar skal såast til.

#### **§ 6 Grønnstruktur - vegetasjonsskjerm**

- a. Skråning mot bekken skal brukast som vegetasjonsskjerm samstundes som det skal etablerast ei fylling mot overkanten til massedeponiet som sikring mot utrasing av lausmassar.
- b. Sikringen skal utførast ved bruk av tilrettelagde steinmassar.
- c. Utlauget av forlenginga av stikkrenna gjennom kommunevegen skal sikrast mot utgraving
- d. Naturlege fjellknausar mot bekken skal stå urørde.
- e. Fyllinga skal dekkast med avdekkingsmassane og eventuelt såast til.

#### **§ 7 Landbruksområde**

- a. Innan føremålet skal det gjerast minst muleg terrenginngrep, men naudsynte kablar og rør kan gravast ned. Overflatevatn kan drenerast til terrenget innan føremålet.